



Arkivnr: 2015/2149-117
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Unnateke offentleggjering OFFL § 26, 2. ledd

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		10.09.2015

Kunstnarstipend 2015

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har til rådvelde 5 kunstnarstipend, kvart på kr 25.000. Det er komen inn 88 søknader om kunstnarstipend innan søknadsfristen 1.mai. Søknadene fordeler seg slik på dei ymse gruppene:

Biletkunst/visuell kunst: 40

Musikk: 29

Scenekunst: 7

Andre kunstartar/tverrkunstnarleg: 4

Kunsthandverk: 3

Litteratur: 3

Film: 2

Det er utarbeidd desse retningslinene for stipenda:

- Stipendet kan nyttast som arbeids-, etterutdannings- eller reisestipend.
- Når det finst fylkesfemnande kunstnarorganisasjonar, skal desse ha rett til å gje tilråding for si kunstgrein. Tilrådinga skal vera grunngeven.
- Dersom søknadsmengda tillet det skal minst eitt av stipenda tildelast kunstnarar som er busette i Hordaland utanom Bergen kommune.

Søkjjarar innan biletkunst/ visuell kunst vert vurdert av ein stipendkomité utnemnd av Bildende kunstneres forening Hordaland, kunsthandverk vert vurdert av komité utnemnd av Norske kunsthåndverkere Vest-Norge. Desse innstiller inntil 2 kandidatar i prioritert rekkefølgje i skriftleg grunngeving. Søknadar innan kategorien musikk og andre kunstartar/tverrkunstnarleg vert vurdert og innstilt av Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, seksjon for kunst- og kulturformidling. Denne seksjonen tek også den heilskaplege vurderinga og tilrår samansetninga av den samla innstillinga.

Fylkesrådmannen tilrår at Kultur- og ressursutvalet vedtek å gje kunstnarstipend til dei to visuelle kunstnarane stipendkomitéen for visuell kunst har innstilt først, og elles vert det tilrådd å gje to stipend innan musikk og eitt innan scenekunst.

Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet tildeler 5 kunstnarstipend for 2015, kvart på kr 25.000, til desse søkjarane (totalt kr 125.000 frå konto 10.400.720):

- Øyvind Johnsen – visuell kunst
- Bettina Hvidevold Hystad – visuell kunst / lydkunst
- Idun Vik - scenekunst
- Kjetil Traavik Møster - musikk
- Maylen Rusti - musikk

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Liste over søkjarar fordelt på sjanger

Oversyn over tildelte stipend dei siste 10 åra

Fylkesrådmannen, 27.08.2015

Hordaland fylkeskommune har til rådvelde 5 kunstnarstipend (konto 10.400.720), kvart på kr 25.000. Søknadsfrist var 1. mai.

Det er komen inn 88 søknader om kunstnarstipend innan søknadsfristen for 2015. Liste over desse er vedlagt denne saka.

Søknadene fordeler seg slik på dei ymse gruppene:

Biletkunst/visuell kunst 40
Musikk 29
Scenekunst 7
Andre kunstartar/tverrkunstnarleg 4
Kunsthåndverk 3
Litteratur 3
Film 2

Det er utarbeidd desse retningslinene for stipenda:

- Stipendet kan nyttast som arbeids-, etterutdannings- eller reisestipend.
- Når det finst fylkesfemnande kunstnarorganisasjonar, skal desse ha rett til å gje tilråding for si kunstart. Tilrådinga skal vera grunnjeven.
- Dersom søknadsmengda tillet det, skal minst eitt av stipenda tildelast kunstnarar som er busette i Hordaland utanom Bergen kommune.

Når det gjeld geografisk fordeling er det ei stor overvekt av kunstnarar busett i Bergen. berre 14 av dei 88 søkjarane har oppgitt skattekommune utanfor Bergen, og 7 av desse igjen har oppgitt kommunar utanfor fylket som skattekommune. Fleire av kunstnarane med adresse Bergen kjem opprinneleg frå andre stader i fylket, men har flytta til Bergen.

Det er stor variasjon i stil, sjanger og alder mellom søkjarane. Det er som tidlegare flest søkjarar innan biletkunst/visuell kunst, med musikk på 2.plass. Søkjarar som har eit tverrfagleg kunstnarleg virke kan vurderast av ulike komitéar.

Den store søkjarmengda i forhold til tilgjengelege stipend viser behov for slike midlar. Dei aller fleste søkjarane var godt kvalifiserte, mange som kunne fortent stipend. Ein vil no sjå på innretning og retningsliner for Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend.

Fleire har søkt om svært spesifikke prosjekt, m.a. dekking av utgifter til CD-innspeling, produksjonsstøtte til ei spesifikk framsyning el. Dette har vi ikkje vurdert som å falle inn under kriteria.

Som retningslinene tilseier vert søkjarar innan biletkunst/visuell kunst vurderte av ein stipendkomité utnemnd av Hordaland Kunstsenter / Bildende kunstneres forening Hordaland, og kunsthåndverk/design vert vurdert av ein komité utnemnd av Norske kunsthåndverkere Vest-Norge. Desse innstiller inntil 2 kandidatar i prioritert rekkefølge i skriftleg grunnjeving. I år har komiteen for visuell kunst innstilt tre kanidatar og kunsthåndverkarane innstilt to. Ut frå fordeling av søkjarane på kunstformane/sjangrane og ei totalvurdering er to av dei innstilte frå komiteen for visuell kunst tilrådd stipend, og det er ikkje tilrådd stipend innan kunsthåndverk/design i år.

Søknader innan kategorien musikk og andre kunstartar / tverrkunstnarleg vert vurderte og innstilte av Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, seksjon for kunst- og kulturformidling. Denne komiteen / seksjonen tek også den heilskaplege vurderinga og samansetninga av denne samla innstillinga til Kultur- og ressursutvalet.

Det er ikkje definerte, fylkesfemnande kunstnarorganisasjonar på innan desse andre felta på same måte som innan kunsthåndverk og visuell kunst. Talet på søkjarar er også ganske variabelt innan f.eks litteratur, scenekunst og film. Det vert etter behov innhenta kommentarar og råd frå relevante faginnstansar innan dei

ulike felte slik som t.d. Proscen, Vestnorsk filmsenter og Norsk litteratursentrum. Ved gjennomgang av retningslinjer og innretning vil ein også sjå på nye og ulike modellar for vurdering av søkjarar.

Følgjande fem kanidatar er innstilt på Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend for 2015

Stipendkomitè for biletkunst/visuell kunst har innstilt følgjande to kunstnarar på topp til Hordaland Fylkeskommunes kunstnarstipend. Det vert sitert frå juryen si uttale:

*-Vi innstiller **Øyvind Johnsen**, født 1946 i Bergen. Johnsen har vært aktiv som kunstner siden 1969, først med grafikk, så tegning og maleri, og fra 1988 foto og video. Han er en av kunstnerne som har vært med i feltet norsk videokunst lenge, og med det bidratt til en forming av norsk videokunst. Fra sine mer eksperimentelle arbeider på åttitallet, til en spennende dokumentarisk stemme i sine senere arbeider.*

Johnsen vil bruke stipendet til en studietur i mellom Europa for å bli bedre kjent med en felles europeisk humanistisk kultur, samt til utstilling sammen med Birgit Eide ved Kunsthall Grenland i 2016.

*-Vi har valgt å stille inn **Bettina Hvidevold Hystad** (f. 1985 fra Stord) basert på hennes energiske og spennende uttrykksregister. Lydkunst som beveger seg mellom støy og harmoni, mellom østlige og vestlige kulturelle spor og med et tilhørende fascinerende visuelt språk. Året som kommer byr på intens turnévirkosomhet for henne og hennes partner i kunstnerduoen Hystad/Lerin. Vi gleder oss til at deres turné i Kina og Japan skal forme uttrykket deres fremover.*

Seksjon for kunst- og kulturformidling Hordaland fylkeskommune har innstilt følgjande :

Musikk: Kjetil Traavik Møster (f. 1976)

Kjetil Traavik Møster (saksofon) er ein musikar som smeltar inn i dei fleste musikkjangrar, utan at hans personlege uttrykk forsvinn. Han har sitt utspring i jazzen, og har spelt i mange jazzbaserte band – m.a. The Core gjennom mange år. I 2005 vart han kåra til Årets internasjonale jazztalent, det vil si «verdens beste jazzmusiker under 30 år». Han seier sjølv at han har som overordna prosjekt å løyse opp sjangergrensene, så han er å høyre i samspel med så ulike musikarar som Lars Vaular, BIT20 Ensemble, Røyskopp, Robyn, Sondre Lerche og Trondheim Jazzorkester med Chic Corea.

Stipendet vil han bruke i forbindelse med et to ukers studieopphold i Gambia, saman med jazzpianist Jon Balke og gruppa Batagraf.

Musikk: Maylen Rusti (f.1988)

Maylen Rusti(song/gitar/låtskrivar) er ein talentfull singer-/songwriter som har gjort inntrykk på musikkpressa. Ho er ein stilsikker songar, og låtane hennar har ofte ein særpregen tonalitet som gjer at ho skil seg frå mengda. Ho ga ut debutalbum hausten 2014 og har vore spelt mykje på radio og på festivalar. Rusti vart også nominert til Årets Norske Nykommer av musikkmagasinet Gaffa.

I tillegg til på vere utøvande artist, låtskriver og musikar (sang, gitar og piano), jobbar ho også som undervisar i song – både individuelt og i kor.

Ho ønskjer å bruke stipendet som eit arbeidstipend for å komponere og arrangere til neste soloplate, ho vil også co-write sammen med andre låtskrivere.

Scenekunst: Idun Vik (f.1985)

Idun Vik er freelancer innan scenekunstheltet. Ho er utdanna og har jobba i England, og har flytta tilbake til Bergen her ho både jobbar som skodespelar og med prosjektutvikling. Ho har vore aktiv i scenekunstmiljøet i Bergen dei siste åra, og bidrar til nyskaping og utvikling av feltet – m.a. med prosjektet Lykkeparadigmet som har premiere i BIT teatergarasjen i desse dagar. Ho vil bruke stipendet til å ta intensivkurs med SITI Company i New York. Dette kan gje Idun Vik nye ferdigheiter og verktøy som ho vil ta med seg tilbake til scenekunstmiljøet i fylket.